



Arkivnr: 2017/3871-1

Saksbehandlar: Britt Karen Spjeld

### Saksframlegg

#### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Utvil for kultur, idrett og regional utvikling		16.05.2017

#### Retningsliner for tilskotsordning til medfinansiering til bygging av idrettshall til kommunar

##### Samandrag

Fylkestinget vedtok 13. desember 2016 å løyve kr 4 mill til medfinansiering til kommunar ved bygging av fleir brukshallar.

Kulturdepartementet har for fleire år sidan gått vekk frå å nytte omgrepene fleir brukshallar og nyttar omgrepene idrettshallar i *Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet* (V-0732). Definisjonen på ein idrettshall er *ein hall som kan nyttast til ulike idrettsaktivitetar utan tidkrevjande klargjering eller omgjering, det vil seie at hallen kan ha løpende veksels bruk mellom idrettar* (s. 34).

For 2017 fekk Fusa kommune og Ulvik herad kr 2 mill. kvar i støtte til bygging av idrettshallar. Tidlegare har kommunane Fedje, Vaksdal, Ullensvang og Tysnes fått omlag kr 2 mill i investeringstilskot (m.a. frå konsesjonskraftsmidlar) til sine idrettshallar sidan dei ikkje er vertskap for vidaregåande skular.

Tilskotsordninga gjeld kommunar som ikkje har idrettshall. For 2018 er det kommunane Samnanger, Granvin, Masfjorden, Øygarden og Jondal som er aktuell for denne tilskotsordninga. Søknadsfristen vert 20. juni og vert handsama som del av budsjett for 2018 under fylkestinget i desember.

I Regional kulturplan 2015-2025 står det at «idrettshallar gjev varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og type aktivitetar». «For å sikre ei god ressursutnyting bør nye idrettshallar plasserast sentralt og vere knytt til skular». I tillegg til organisert og eigenorganiserte idrettsaktivitetar fungerer også idrettshallane som møteplass for kommunen sine innbyggjarar innan eit breidt kulturfelt.

#### Forslag til vedtak

Utvil for kultur, idrett og regional utvikling vedtek retningsliner for tilskotsordninga medfinansiering til kommunar ved bygging av idrettshall.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 03.05.2017**

Framlegg til retningsliner for ny tilskotsordning;

**Medfinansiering til bygging av idrettshall til kommunar**

**Føremål med ordninga:** Stimulere til at flest mogleg kommunar i Hordaland byggjer idrettshall.

**Kven kan søkje:** Tilskotsordninga gjeld kommunar som ikkje har idrettshall. For 2018 er det kommunane Samnanger, Granvin, Masfjorden, Øygarden og Jondal som er aktuell for denne tilskotsordninga.

**Kva kan støttast:** Medfinansiering av idrettshall som legg til rette for varierte tilbod, både når det gjeld alder, kjønn og aktivitetar. For å sikre ei god ressursutnytting bør den plasserast sentralt og vere knytt til skular.

Hordaland fylkeskommune føreset tidleg dialog om utvikling av prosjektet.

**Nivå på støtta:** Inntil kr 2 mill.

**Søknadskrav, sakshandsaming og vedtak:**

Søknad om medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast; skildring av anlegget med finansieringsplan, kostnadsoverslag og framdriftsplan.

Idrettshallen skal vere forankra i ein kommunal plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv eller ein kommunedelplan for kultur, og det skal føreliggje ein godkjend spelemiddelsøknad.

**Klage:**

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre veker. Fristen blir rekna frå den dagen søker mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ein klage må innehalde opplysingar om kva vedtak det blir klaga på, årsaka til at det blir klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no).

**Søknadsfrist:** 20. juni